

SUND KOMMUNE  
Postboks 23  
5371 SKOGSVÅGDato: 27.05.2016  
Vår ref.: 2015/5194-4  
Saksbehandlar: rolrose  
Dykkar ref.:

## Forslag til avtale om overtaking av Lerøy og Bjelkarøy ferjekaiar

På møte i fylkesutvalet den 18. juni 2015 vart det vedteke å setja i gong ein prosess med sikte på å ta over eigarskap til dei kommunalt eigde ferjekaiane som vert nytta i fylkesferjesambanda. Me har hatt ei synfaring på sambandet Klokkevik-Hjellestad, og har hatt samtalar med rådmann Stig Arne Thune om ei mogeleg overtaking av ferjekaiane.

Statens vegvesen har utarbeida tilstandsrapport for kaiane, der det vert peika på tiltak som bør gjennomførast før nytt ferjeandbod vert sett i drift. På synfaringa peika også operatøren på tiltak som bør gjennomførast for å sikra tryggleiken og redusera risikoen for materielle skader. Frå fylkeskommunen si side er det ynskjeleg å kunna tilby mest mogeleg lik standard på infrastrukturen som vert stilt til rådvelde for ferjeoperatørane.

Me legg ved eit forslag til avtale om overtaking av kaiane. Dersom kaiane alt ligg på eigne gnr/bnr er ikkje oppmålingsforretning nødvendig, jf. pkt. 3. Dersom eigeidomane må frådelast, vert det kanskje for knapp tid å få desse frådelt og overskøyta på 4 veker, jf. pkt. 4. Me ber om synspunkt på avtaleforslaget.

Når partane er samde om eit avtaleforslag, vil me leggja fram ei ny sak for fylkesutvalet før avtalen eventuelt vert signert.

Håkon Rasmussen

Fylkesdirektør samferdsel

Rolf Rosenlund  
Seksjonsleiar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*